



Lindås VVS N.T AS
PB 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3445 - 16/32044

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.11.2016

Utsleppsløyve for etablering av minireinseanlegg for fritidsbustad - gbnr 104/36 Haukås

Administrativt vedtak. Saknr: 560/16

Tiltakshavar: Torfinn Bakken
Ansvarleg søker: Lindås VVS NT AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for gbnr.104/36. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 27.10.16. Søknad gjeld etablering av minireinseanlegg med etterpolering.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert området i kommundelplanen Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden/planid.: 1263-200810. Eigedomen er lista opp som LNF-spreidd fritidsbusetnad.

Plassering

Plassering av minireinseanlegg og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:1000 og 1:500 datert 07.07.16. Ansvarleg søker har synt at anlegget i heilskap vert plassert på eigedom gbnr. 104/36 med utslepp til bekk med heilårsvassføring.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det har ikkje kome merknadar til søknaden.



Privatrettlsege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettsleg løyve.

Reinseløysning

Det skal nyttast reinseanlegg av typen Biovac FD 5 N PEH for nedgraving. Anlegget tilfredstiller NS EN – 12566-3. Omsøkt reinseløysing stettar krav til utsleppstad i følsamt/normalt område, med brukarinteresser, jf. teknisk godkjennig frå SINTEF nr. 20108.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

VURDERING

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering plasserast i samsvar med kart datert 07.07.16.

Reinsekrav

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til Biovac minireinseanlegg FD 5 N PEH med 2 m³ slamavskiljar for etterpolering.

Drift og vedlikehald

Det er ved søknad lagt ved serviceavtale datert 07.07.16.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå eksisterande fritidsbustad på gbnr. 104/36, dvs. inntil 5 pe for Biovac minireinseanlegg FD 5 N PEH på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet skal reinsast i biologisk kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa avlaupsvatnet vert ført via etterpoleringstank til bekk med heilårsvassig på eigedom gbnr. 104/36.**
- 2. Anlegget skal plasserast som vist på kart datert 07.07.16**
- 3. Anlegget skal plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjend føretak. Det er eit vilkår for løyvet at det til ei kvar tid ligg føre serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget.**

Arbeidet med etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget jf. Forureiningslova § 7.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmål last og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3445

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Torfinn Bakken

Skoleåsen 53

9513

ALTA

Mottakarar:

Lindås VVS N.T AS

PB 42

5951

LINDÅS